

# RADAR

NR. 2 — 2023 · 39. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



**Side 15**  
**Trygg i gode armar –**  
**Tankestrek**

**Side 6-7**  
**Dyrevelferd –**  
**Etikk, takk!**



Diana Rus kjenner kvar einaste postkasse på Radøy etter mange år med levering av Radar, post og aviser.

## Diana gir deg Radar rett i postkassen

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Det er Diana Rus som sørger for at du kan lesa denne artikkelen. Ho er nemleg distributør av kyrkjebladet Radar.**

Heilt sidan 2011 har Diana hatt jobben med å køyra Radar ut til alle husstandar på Radøy. Først køyrde ho for Rune Bauge, og frå 2019 for seg sjølv, i sitt den gong nystarta selskap Rus Services.

- Kor mange postkassar legg du bladet oppi?
- Det er 2230 postkassar som får bladet.
- Og kor lang tid brukar du på jobben?
- Eg brukar om lag seks-sju timar på heile ruta, men deler det vanlegvis opp i to økter.

35-åringen er opprinneleg frå Romania, nærare bestemt frå byen Sibiu i det historiske landskapet Transilvania.

### Flytta til Manger i 2011

Diana bur på Manger saman med mannen sin og to born på fem og sju år. Det var forholdsviss tilfeldig at hun valde å slå seg ned på Radøy.

- Det hadde seg slik at eg i 2010 besøkte bror min, som den gong budde i Austmarka. Eg syntest det var så fint her at eg valde å flytta hit sjølv også – året etter. Og her bur eg framleis. Mannen min, også han frå Romania, flytta til Manger to år etter meg. Vi likar oss veldig godt her i bygda, einaste minuset er at det regnar litt for ofte, seier ho med eit smil om munnen.

Radar kjem ut fire gonger i året. Når bladet er ferdig trykt, hamner det på kyrkjekontoret på Manger, der Diana tek med seg dei ni kartongane og set kursen rundt om på heile Radøy.

- Eg kjenner etter kvart alle vegane på øya, i alle fall alle stader der det er hus.

### Har fleire bein å stå på

Det er ikkje berre Radar som nyt godt av Diana sin kapasitet. Ho har i fleire år også jobba med postombering og avisdistribusjon. Framleis leverer ho mellom anna BT, BA og lokalaviser heim til folk.

- Det blir mykje nattarbeid av slikt?
- Ja, døgnrytmen er ikkje innafor det som kanskje er normalt så lenge avisene skal ut på nattestid. Men det går greit, eg får slappa litt av når ungane er levert i barnehagen og på skulen.

Også mannen til Diana jobbar med distribusjon, for PostNord og Bring.

Heime i Romania jobba Diana på kontor i eigedomsmeklarbransjen. Kontorarbeid får ho bruk for no også når ho har sitt eige firma.

- Lengtar du aldri tilbake til Transilvania?
- Det hender, men vi tar turen sørover og vitjar familiane våre når det passar med jobbane våre, seier den bilde 35-åringen.

# Konfirmantfestival Nordhordland

Tekst og foto: Willem Vogelaar

I midten av april samla me alle konfirmantane frå heile Nordhordland til ein stor festival i Knarvik kyrkje. Bjørgvin bispedøme og KFUK-KFUM Bjørgvin stod for arrangementet.

Høgdepunkta på dagen var å høyra Thor Haavik («farmen-Thor»). Han hadde eit flott innlegg om kvifor det er både fantastisk og fornuftig å tru på at Gud finst. Hans første argument var at alt vart til av ingen ting. Hans andre argument var at sannsyn for at det skulle bli liv i universet, er ufatteleg liten. Ut av ein eksplosjon er det berre forventa kaos, medan universet er akkurat perfekt finjustert for at liv skulle bli mogleg i universet. Det tredje argumentet for å tru på Guds eksistens er at Jesus stod opp igjen frå dei døde. Etter krossfestinga, fortel Thor, har me ein del historiske fakta som forskarar og historikarar er samde om: Jesus var død, grava var tom og liket var borte. Mange menneske var overtydde om at dei hadde møtt Jesus levande igjen. Dei var så sikre på dette at dei var villige til å bli drepne for det. Rett og slett «dødssikker» på oppstoda.



Mykje trivsel og glede med konfirmantar. (over)  
«Farmen-prest» Thor Haavik i aksjon. (under)



I tillegg til show med musikk, dans og song kunne konfirmantane velja mellom forskjellige aktivitetar, som ball, brettspel, kreativ forming, konkurransar og mykje meir. Det vart ein fin dag med mykje liv!

---

## Frivilligheit – fri og villig?

Av Grethe Lunde

Dei fleste av oss er engasjerte på ulike område i fritida, og undersøkingar viser at vi får vel så mykje igjen i form av læring, inspirasjon og engasjement som vi yter inn.

Mange av oss hugsar med glede attende til tida når borna gjekk i skulen og alt det kjekke vi opplevde som følgje av dette. Av og til kunne det bli litt i overkant med baking og arrangement, men du kor mange relasjonar og stort nettverk vi hadde!

Pandemien har gjort oss medvitne på ein del, blant anna at det kan vera godt å bli heime nokre ettermiddagar utan noko spesielt å skulle delta i eller på, verken for store eller små i familien.

I det store biletet er det godt for oss å finna ro og berre vere til, nyte dagen, og etter ei stund eller fleire stunder er ein klar til å vera sosial igjen og både gje og få energi. Om vi går til Bibelen og les om kva Jesus gjorde, så passa han på at både han og læresveinane tok tid til ro og kvile.

Organisasjonar og lag er heilt avhengige av at vi engasjerer oss, elles går ikkje arbeidet rundt, og det same er tilfellet for den lokale kyrkja.

Kyrkjeforeiningane i Hordabø, Manger og Sæbø har vore

aktive over mange år, og foreininga på Manger opplever no det gledelege at fleire ønsker å delta, og har god plass til fleire.

På Sæbø ønsker vi å få i gang foreininga igjen, og gjerne med eit konsept der ein for eksempel går tur, har eit ord for dagen og snakkar litt om arbeidet i kyrkja. Det skjer noko mellom folk som har gode opplevingar ilag, på same tid som ein har eit felles mål.

Det kyrkjelege arbeidet treng støttespelarar både i form av arbeid, innsats og engasjement, men også i form av reine kroner.

Om du tenkjer at du kunne tenkt deg å vera med, men ikkje har anledning eller helse til dette, så kan du gjerne yte din skjerv gjennom nokre hundrelappar for månaden.

For å oppsummere; kyrkja treng deg, så vis at du bryr deg, og engasjer deg gjerne på ein eller anna måte. Tilboda er mange alt frå babysong, dåpsskule, konfirmantopplæring, ungdomsklubb, kvardagsmiddag, sorggrupper og kyrkjeforeiningar.

Tenkjer du at du vil engasjera deg, så ta gjerne kontakt med oss på kyrkjekontoret, så blir du tatt vel imot!

# Livet

## Gresk tragedie eller Drama med lukkeleg slutt?

Av Magne Myrtveit

Fram til 1950-talet meinte vitenskapen at universet var statisk, at det ikkje hadde ei begynnning og heller ikkje ein slutt.

Bibelen, på den andre sida, fortel ei anna historie. Det første verset i Bibelen seier at «I opphavet skapte Gud himmelen og jorda». Lenger ute i Bibelen seier Gud at «Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal aldri forgå», Altså er ikkje universet evig – det har både start og slutt.



### Bibel mot Vitenskap: 2-0

I laupet av første halvdel av 1900-talet blei det gjort observasjonar som førte til at vitenskapen landa på heilt nye teoriar: Universet oppstod i ein formidabel eksplosjon. Det blei òg klart at universet vil ha ein slutt langt der framme – ein tilstand der alle stjerner har slokna og alt er tomt, mørkt, kaldt og dødt.

Astronomen Fred Hoyle – opphavsmannen til uttrykket «Big Bang» - var svært negativ til dei nye teoriene fordi dei gjorde det nærast umogeleg å vera ateist; det var bruk for ein Gud som kunne setja det heile i gang.

### Gresk tragedie

Ateisme er det motsette av teisme (trua på at det finst ein gud). I vestlege land byggjer ateismen hovudsakleg på naturalistisk filosofi (også kalla materialisme).

Kort fortalt hevdar naturalismen at det einaste som finst, er energi (E) og masse (M), som i følgje relativitetsteorien er to sider av same sak, uttrykt slik i verdas mest kjende likning:

$$E=MC^2, \text{ der } C \text{ er lysfarten}$$

Naturvitenskap er ein *metode* for finna ut korleis universet fungerer. Naturalisme, på den andre sida, er ein *filosofi* som har meiningar om ikkje-fysiske fenomen, t.d. meininga med livet, verdiar, medvit, fornuft, fri vilje og etikk.

Naturalismen posisjonerer seg gjerne som ein naturleg konsekvens av naturvitenskapen. På den måten kan naturalismen bli tillagt same truverd som naturvitenskapen. Men dette er det ikkje grunnlag for.

Transendentale fenomen som Gud, sjel og ande, vert kategorisk avviste. Det betyr at naturalismen utelukkar tanken om eit liv etter døden. Ikkje berre det, *livet før døden*

vert også nedgradert. Mennesket går frå å vera Guds bilete til «ein maskin med eitt formål: Å spreia sitt DNA.» (R, Dawkins)

Ut frå naturvitenskapen veit vi dessutan at den fysiske døden ikkje berre gjeld for kvar enkelt av oss, men at livet som fenomen også vil gå til grunne både på jorda og alle andre stader i universet der liv måtte finnast. Eit ærleg naturalistisk gravferdsrituale lyt kortast ned til dette: «Av jord er du komen, til jord skal du verta.» Nokså tragisk.

### Drama med lukkeleg slutt

I kristent lys ser vi naturvitenskaplege sanningar som oppdagingar av Guds visdom, nedfelt i skaparverket. Vitenskapsmiljøa som står bak, skal ha heider for arbeidet sitt. Samtidig skal vi hugsa at alt som er til, er eit resultat av Jesus, Guds skapande visdom (Ordt 8) og ord (Joh 1).

Naturvitenskapen er forplikta på å finna forklaringar, og han lyt difor *ha trua* på at opphavet til universet, livet og mennesket vil bli oppklart. Men *så langt* er det ikkje eintydige teikn på at gjeldande teoriar på desse områda er korrekte. Endå dårlegare står det til når naturfaga prøver å navigera frå det fysiske (naturlege) til det personlege området. Sjå gjerne «Om Darwin hadde visst», video Tysdagstreff, YouTube (2023).

Med bakgrunn i Jesu oppstode frå dei døde og hans lovnad om å gjera ein stad i stand for oss, fyller siste setninga i gravritualet oss med håp:

«Av jorda skal du atter stå opp»

Gud løftar mennesket ut av det døyande universet, inn i ein ny himmel og ei ny jord, der kvar tåre skal tørkast, og døden ikkje vera meir. (Jes 65,17; 2.Pet 3,13; Op 21,1)

Så det ligg an til 3-0 i kampen om det sanne verdsbiletet – men resultatet blir ikkje klart før dommaren bles i fløyta.

### Kva betyr dette?

Det er lett å vera samd i at forkynning ikkje høyrer heime i skulen. Men naturalisme og religion byggjer begge på tru, d.v.s. meiningar som ikkje kan bevisast. Difor vert det like feil om den religiøse vert avkrevd bevis for Guds eksistens, som det ville vore å avkrevja den som «trur på vitenskapen», bevis for at Gud *ikkje* finst.

Det eine livssynet står ikkje over det andre, men samtidig veit vi at livssynet gir retning:

«Har du fyr, har du løkter langs din vei?»

Denne kunnskapen er viktig å formidla til oppveksande slekter, så dei kan velja fundament for livet.



Tidslinja viser korleis Bibel og naturvitenskap nyttar ulike uttrykk for start, slutt og viktige hendingar undervegs. Men dei har ulike syn på kva som kjem etterpå.



# Frå kyrkjebenken

Tekst: Elin Irene Klausen

Foto: John William Kay

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?*

– Eg har vore aktiv i kyrkjelyden sidan 2007. Då tok eg til i Radøy damekor. Eg har vore medlem av Radøy sokneråd og medliturg sidan ein starta med denne ordninga.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?*

– Eg trivest godt med god sang og musikk og er svært subjektiv når eg trekker fram betydninga av den fantastiske orgelmusikken me har i kyrkja vår.

– *Korleis vil du skildra kyrkja?*

– For meg er det ei trygg havn. Radøy damekor syng den danske salmen «Et hus å komme til» av Janne Mark (2010) oversatt til norsk av William Kay. Denne salmen seier mykje om kyrkja og forholdet til menneska. Elles er kyrkja ein stad der det er plass til bøn og refleksjon. Dette er viktig for meg. Kvardagen kan tidvis by på utfordringar og kyrkja er ein stad der det er rom får å leggje desse utfordringane fram for Gud i stille bøn. Ein kan og nytta lysgloben. Her kan ein tenne lys og samtidig be ei bøn for det som ligg ein på hjarta. Dette er godt og nødvendig synest eg, og undrer meg tidvis på kvifor det ikkje er kø for å komme inn.

– *Kva salme syng du gjerne for tida?*

– For tida syng eg fleire salmar: «Et hus å komme til», «The Prayer» og «All things Bright and Beautiful». Alle skal damekoret syngje på sommarkonserten sin den 10. juni.

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

– Kyrkjekaffien er viktig for det sosiale miljøet i kyrkjelyden. Ein kan stoppe opp litt, prate med kvarandre og kanskje av og til diskutere preika... Elles vert eg veldig glad om det er noko eg kan ha attåt kaffien sidan eg har cøliaki. På Sæbø hadde dei Marie Fjellsende sine tørre vaflar og det var stas. Men det er ikkje noko «must». Ein kopp kaffi heldt lenge.

## FAKTA:

**Namn:** Elin Irene Klausen

**Alder:** 57 år

**Bustad:** Kviste (5 km sør for Manger)

**Yrke:** Lærer på ungdomsskolen

AMFI

KNARVIK



# Kyrkje- valet 2023

Tekst: Synnøve Bjørndal

Måndag 11. september er det kyrkjeval. Kyrkjevalet har same opningstid og har lokale i nærleiken av kommunevalet. Kyrkjevalet er to val. Det skal veljast sokneråd og bispedømeråd. Alle bispedømeråda i landet utgjer Kyrkjemøtet.

## Kven kan stemme?

Alle som er medlem i Den norske kyrkja og som fyller 15 år i løpet av 2023 har stemmerett i soknet der dei bur.

## Medlem?

Det vert ikkje sendt ut valkort. Viss du vil sjekke om du er medlem eller kva sokn du høyrer til, kan du logge inn på «Min side» på kyrkja.no.

## Førehandsstemming

Nytt ved dette valet er digital førehandsstemming.

Periode for førehandsstemming:

- Digitalt: 10. august – 6. september
- Fysisk i eige sokn: 10. august – 8. september
- Fysisk i anna sokn: 10. august – 1. september

Tid og stad for førehandsstemming i Alver vert kunngjort seinare.

## Digital førehandsstemming

- Veljarar loggar seg på med Bank-ID eller tilsvarande.
- Ein kan stemme så mange gonger ein vil, den siste stemma blir den teljande.

- Ein kan ikkje stemme på nytt på papir viss ein har stemt digitalt.
- Det er veljaren som har ansvar for at det blir hemmeleg val.

## Endringar på stemmesetelen

1. Veljaren kan gi ei ekstra personstemme til inntil tre kandidatar på lista ved å sette kryss ved namnet til vedkommande.
2. Veljaren kan også
  - a) **Ved soknerådval:** Skrive inn inntil tre valbare personar. Desse får ei personstemme kvar.
  - b) **Ved bispedømerådval:** Gje inntil tre «slengarar» til kandidatar frå ei anna liste ved å føre opp namnet i eit eige felt. Desse får ei personstemme, og lista gir ei listestemme per slengar til lista til vedkommande.

## Meir info

Du finn meir informasjon på kyrkjevalet.no og på heimesida til den lokale kyrkjelyden din.

## – Det viktigaste for kyrkja er å forkynne at Jesus døydde for syndene våre

Tekst og foto: Øystein Skauge

### Lokale bispedømerådskandidatar:

Det er val på nye sokneråd og nytt bispedømeråd i september. Vi vil presentere meir stoff om dette i neste nummer av kyrkjebladet.

Men her fokuserer vi på dei lokale kandidatane frå Alver som står på listene til bispedømerådsvalet. Ingen frå Alver er med på Bønelista.

Bispedømerådet er det folkevalde organet rundt biskopen. I alt sju medlemmer vert valde inn i lag med ein prest og ein lek kyrkjeleg tilsett. Til saman utgjer alle bispedømeråda i landet Kyrkjemøtet som kjem saman ein gong i året. Dette er det øvste organet i Den norske kyrkja.

Tre kandidatar frå Alver står på tre av dei fire aktuelle vallistene ved bispedømerådsvalet.

På Frimodig kyrkje si liste står student Karen Sofie Uthaug (fødd 1998) frå Frekhaug. Journalist Håkon Glatved-Prahl (1956) frå Alversund står på lista til Open folkekyrkje, og Hege Feet Askvik (1957) frå Knarvik er lokal kandidat på Nominasjonskomiteens liste.

Vi har samla desse tre til ein samtale omkring valet, og om

det dei opplever som viktig å fortelje om det deira lister representer.

Håkon Glatved-Prahl sit i styret for Open folkekyrkje i Bjørgvin. Han fortel at mottoet deira er «Tru, håp og kjærleik. For alle.»

– Vi ynskjer at folkekyrkja skal vere open, med plass for alle. Alle skal vere velkomne og bli verdsett. Uavhengig av kjønn, legning og teologisk ståstad. Vi vil motarbeide alle former for diskriminering.

Karen Uthaug fortel om Frimodig kyrkje at dei på denne lista er opptekne av at kyrkja skal vere lokalt styrt, og at kyrkja skal byggje på Guds ord. Kyrkja må vere evangeliserande, inkluderande og til ære for Gud.



Karen Sofie Uthaug deltok på ein digital link under samtalen om bispedømerådsvalet i Knarvik kyrkje.

Hege Feet Askvik seier at Nominasjonskomiteens liste er sett saman av innspel frå dei ulike sokna. Meir himmel på jord», som er formuleringa av Den norske kyrkja sin visjon, vil vere sentralt. Lista skal innehalde eit meiningsmangfald, og skal representere alle innspel frå sokna i bispedømet. Det som ligg til grunn for lista, er altså visjonen til Den norske kyrkja sentralt og det som er strategien for bispedømet. Dette inneber ein del av dei same orda som begge representantane for dei to andre listene brukar.»



Håkon Glatved-Prahl og Hege Feet Askvik samtalte om bispedømerådsvalet i Knarvik kyrkje.

– Håkon. Du sa at kyrkja skal vere open for alle, uavhengig av teologisk ståstad. Føler du at det er slik det er, også med tanke på folk med eit konservativt teologisk syn? Er det plass for dei?

– Open folkekyrkje vil respektere alle teologiske syn, og ha plass for dei i kyrkja, seier Håkon Glatved-Prahl. Vi vil vere open for alle, også konservative.

– Karen, kva tenkjer du om at kyrkja skal ha plass for alle teologiske standpunkt?

– Eg tenkjer at kyrkja må vere ein stad der folk med ulike teologiske standpunkt kan kome og vere. Personleg vil eg ikkje støtte inngåing av likekjønna ekteskap i kyrkja. Det er vigselen i kyrkja eg opplever som problematisk. Samstundes tenkjer eg at det vil vere naturleg at kvar enkelt kyrkjelyd kan velje sitt standpunkt i denne saka, utan overstyring utanfrå.

Men Håkon synest det er leit at så få prestar i Alver er villige til å vigsla likekjønna par i kyrkja.

Hege: –Eg tenkjer at vedtaket som Kyrkjemøtet gjorde i denne saka var svært viktig. Og endå meir at bispedømet at sagt at ingen prest skal kunne nekte å samarbeide med ein kvinneleg prest. Vi må ha køyrereglar der vi ikkje kan stå på sida og seie at eg vil ikkje samarbeide med deg. Det er øydeleggjande lokalt.

– Karen, du er yngst av oss som snakkar saman, og går sikkert i krinsar der fleire unge deltar. Opplever du at kyrkja er relevant for dei unge?

– Ja. F.eks er studentkyrkja i Bergen aktuell, kul og relevant på mange måtar. Den er super for unge. Men det er nok ein del yngre, konservative kyrkjefolk som ikkje opplever kyrkja sin bodskap som relevant. Er det kanskje for lite fokus på evangeliet? Kanskje alle debattane om nettopp likekjønna ekteskap gjer at kyrkja blir oppfatta som ein politisk arena, meir enn det eg og andre ynskjer i ei kyrkje?

– Kva andre saker er viktige å arbeide for i eit bispedømeråd?

Håkon: –Også for Open folkekyrkje er soknet si innflyting på vesentlege avgjerder viktig. Vi vil at det lokale soknerådet skal ha meir å seie f.eks ved tilsetjing av kyrkja sitt personale,

inkludert prestane.

Hege peikar på det same. Ho trur at det i tida som kjem vil bli mykje finsnekring på det som har med kyrkjeleg organisering å gjere. Men noko så viktig som klima må også vere sentralt å meine noko om, ikkje minst for ein leiar som biskopen. Dette fordi evangeliet faktisk seier noko om vårt forvaltaransvar.

– Kva er det aller mest vesentlege av det evangeliet som kyrkja skal forkynne?

Karen er snar til å svare: – Det at Jesus døydde for syndene våre. Og at vi gjennom han kan bli frelst. Dette vert det svart tydeleg ja til også frå dei to andre kandidatane.

Hege løfter fram forteljinga om den bortkomne sonen, og ser for seg at det må vere råd å lage paroler som handlar om ein Gud som ynskjer å vere nær menneska. Gjennom forvaltaransvar, nestekjærleik, det å vere eit medmenneske. Håkon peikar på at i Open folkekyrkje sitt program har klimautfordringa fått ein stor plass.

For Karen er det også viktig å få fram at for henne er det viktigaste at kyrkja framfor alt skal vere evangeliserande, meir enn å engasjere seg i det som sjølvstakt er aktuelle og viktige samfunnsspørsmål, men likevel kjem i skuggen av det å ære Gud.

Alle dei fire listene vil bli presenterte i neste nummer av kyrkjebladet. Men allereie no kan du finne dei på Bjørgvin bispedøme sine nettsider: <https://www.kirken.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/nyhetsarkiv/>

	<b>NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ</b>	Ditt lokale gravferdsbyrå
ALLTID HÉR FOR		
<b>DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70</b>		
<b>Kyrkjevegen 1 Alversund</b>	<b>Havnevegen 31 Frekhaug</b>	<b>Elvavegen 1 Dalekvam</b>

**Etikk, takk!**



## Stadig fleire kjæledyr blir vaksinerte

Dyrepleiar Therese Skjønhaug Bakke tek imot katten Diva (1 år), som er innom klinikken for å bli vaksinert. Eigar Hege Bøe frå Manger er tilfreds med både katten sin og behandlinga på klinikken.

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**– Noko av det vanskelegaste vi opplever er når vi ser kjæledyr som har vondt, eller har sjukdommar som vi veit kan behandlast, men som eigar ikkje ser, eller ikkje har økonomi til å få ordna.**

Slik svarar dyrepleiar Therese Skjønhaug Bakke når vi spør kva situasjonar som er mest krevjande i jobben ho og kollegaene hennar har.

Therese er eigar og dagleg leiar i Alver Dyreklinikk, og til liks med andre dyreklinikkar har ho lagt bak seg svært travle veker. Med finværet blir det lengre turar for hundane, og sjansane for uheldige møte med andre hundar, hoggormar eller generelle skader er større enn elles i året. I tillegg er dyreeigarane i dag meir bevisste på forebyggjande tiltak for sine firbeinte vener, for eksempel med vaksinering no på forsommaren.

– Folk gjer meir for kjæledyra sine i dag, samtidig som vi har betre utstyr. Det betyr at vi i langt større grad kan behandla skader og sjukdommar som før kanskje enda med avliving.

### **Tok utdanninga si i Danmark**

Neste år er det ti år sidan Therese Skjønhaug Bakke etablerte Alver Dyreklinikk på Ikenberget. Før det var ho tilsett i Knarvik Dyreklinikk i mange år. 39-åringen har aldri vore i tvil om kva yrke ho ville peila seg inn på.

– Frå eg var ganske ung har eg visst at det var dette eg ville

satsa på. Eg er veldig glad i dyr og synest det er flott å vera til hjelp først og fremst for dyra sjølve, men også for eigarane.

Therese tok utdanninga si som dyrepleiar i Kolding heilt sør i Danmark. I dag tel staben i klinikken hennar fem personar, der to av dei er veterinærar.

Det er travelt på klinikken når vi stikk innom for ein prat. Hundar og kattar blir saman med eigarane ønskte velkomne inn, medan andre er på veg ut, gjerne akkompagnert av ein «Takk for hjelpa» frå eigarane.

### **Jobbar mest med hund og katt**

Og det er nettopp hundar og kattar som er Alver Dyreklinikk sitt hovudfokus, sjølv om det hender at også andre dyreslag blir lagt på behandlingsbenken.

– Vi får tidvis inn hamster og kaninar også. Til og med flaggermus, ekorn, pinnsvin og småfuglar har vore til behandling her hjå oss. Dei sistnemnde er som oftast skadde dyr, som vi kan gje ei vurdering av før vi eventuelt sender dei vidare til veterinærar som er ekspertar på slike dyr, seier Therese.

Flaggermus og pinnsvin kan vera bærarar av sjukdommar, så dei må handterast varsamt, påpeikar ho.

### **Skal vera dyra sin advokat**

– Litt tilbake til vanskelege vurderingar. Korleis er det å



## Etikk, takk!

fortelja til eigar at kjæledyret har best av å sovna inn?

– Det er ein del av jobben når slike situasjonar oppstår. Vi dyrepleiarar og veterinærar skal på mange måtar vera gode advokatar for dyra og tala deira sak. Samtidig må vi ta omsyn til eigarrolla, for eksempel kva livssituasjon eigaren er i. Det kan oppstå sterke kjensler som må taklast på beste måten.

– Kva med dei tilfella der eigar nektar for at kjæledyret har best av å bli avliva?

– Det skjer heldigvis sjeldan. Men i slike tilfelle må vi spørja for kven er det best at dyret får leva vidare? Er det for dyret sjølv eller for eigaren? Har kjæledyret store lidningar, og behandling ikkje vil hjelpa, så forstår som oftast eigaren at det beste for dyret er avliving.

Therese legg til at dyreklinikken har meldeplikt til Mattilsynet dersom eigar ikkje forstår, eller vil forstå, kor alvorleg situasjonen er.

– Vi har hatt tilfelle der vi har måtta melda frå til Mattilsynet.

### Større fokus på forebygging

Den daglege leiaren er snar med å presisera at det er i andre enden av skalaen arbeidet ved klinikken på Ikenberget helst dreier seg om.

– Heldigvis er det slik at kjæledyra vi har innom, klarar seg godt når dei får behandling. I tillegg er det mange som kjem med friske dyr for å få dei vaksinerte. Det er ein klar tendens dei seinare åra at folk veit meir og er blitt opptekne av å forebygga. No på vårparten set vi veldig mange vaksiner.

– Ein hundeeigar har fortald at han blei forespegla ein kostnad på langt over 20.000 kroner for behandling av eit hoggormbitt på hunden sin. Er det verkeleg så dyrt?

– Ja, behandling av hoggormbitt kan vera dyrt, men det er utelukkande fordi det medfører store utgifter for oss.

Det viktigaste er væskebehandling for å unngå at hunden går i sjokk på grunn av giften. I mange tilfelle må du gje motgift, som berre i innkjøp til oss kostar oss rundt 5000 kroner pr. dose. Derneft kjem utgifter til venefflon i foten, smertelindring, medisiner og i nokre tilfelle må hunden overnatta på klinikken. Så ja, hoggormbitt kan vera dyrt å behandla, men då er det lurt at dyret er forsikra på førehand, seier Therese Skjønhaug Bakke.

Og akkurat forsikring er eigarane av kjæledyr blitt flinkare til å ha. Mange vel enten ei forsikring med ein fast eigenandel, eller ein prosentvis eigenandel av dei totale kostnadene, for eksempel 20 prosent.

– Har du eit ungt kjæledyr, men ikkje økonomisk evne til nødvendig behandling, er det veldig frustrerande for alle partar, legg ho til.

### – Gir oss masse energi

Sjølv om enkeltsaker kan vera tøffe, tappar det på ingen måte glede av å arbeida med dyr, slår Therese fast.

– Det er veldig kjekt og inspirerande å sjå dei spente forventningane nye dyreeigarar har når dei kjem til oss med kjæledyra sine. Slike øyeblikk er det så viktig å ta vare på. Det gir oss masse positiv energi.

Før klinikksjefen hastar vidare til neste «kunde», avluttar ho med følgjande historie:

– Ein hundeeigar kom inn til oss i halvpanikk, fordi dei hadde oppdaga ein flått på hunden dei ikkje fekk bort. Dei hadde vridd og dratt, men til ingen nytte. Hunden reagerte med å bli irritert og var i ferd med å mista tilliten til eigaren. Her hjå oss viste det seg at han hadde vridd og slite i ein av pattane til hunden. Og det var til og med ein hann-hund, men sjølv hannar har pattar. Gjett kven som hadde dårleg samvit etterpå!

**Bygg Team**  
VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

**VATNE**  
begravnelsesbyrå



Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

**vatne-byra.no**

**HELLAND ELEKTRO AS**

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg



Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
www.helland-elektro.no  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

**Knarvik Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalsbø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)

# KULTURKALENDER

## 2. juni

### Konsert i Alversund kyrkje kl. 19.30

Draumen om fred - ein songkveld i Ivar Medaas-land.  
Alversund kammerkor med solistar og musikarar.

## 3. juni

### Konsert i Alversund kyrkje kl. 20.00

Konsert med Alverflaten Jazzband.

## 10. juni

### Manger kyrkje kl. 19:00

Radøy damekor sin sommarkonsert  
Dirigent Jacqueline Chesney, Radøy damekor og lokale gjestar.

## 10. juni

### Konsert i Knarvik kyrkje kl. 18.00

Koret STEMME – dirigent Tore Kloster. A capella repertoar med musikk av bla. Esenvalds, Poulenc, Whitacre, Palestrina, Schütz og mange flere. Billett kr. 150.

## 15. juni

### Rasteplassen, Idrettsvegen 1A, 5936 kl. 18:00

<<Syng sommaren saman – fellessong på Rasteplassen>>  
William Kay med gjestar.

## 18. juni

### Manger kyrkje kl. 18.00

Konsert og CD-slepp med Rune Alver og Inger Johanne Ektvedt.

Billett vaksne 200 kr, under 16 år 100 kr.

## 18. juni

### Midtsommarkonsert i Lygra kyrkje kl. 18.00

”SOM EI ROSE ...” Vakker song og musikk for den lyse årstida.  
MEDVERKANDE: Kjersti Møllerup Wiik, sopran/dirigent, Laila Kolve, fløyter, Vidar Eldholm, tangentar, Damekoret ”KVENDE”, Kvartettar og solistar som t.d. Astrid Aa.Byrknes, Astrid Skodvin, Linn Haaland, Kristine H. Titland m.fl.  
Bill.kr 250,- på Ticketco.no, ved døra eller over tlf. 92 66 39 20.

I samarbeid med Lyngheisenteret som serverer middag/ lunsjrett fram til kl 1730.

Arr. Nordhordland Song-og musikkverkstad.

## 25. juni

### Konsert med orgel, gitar og flygel

#### i Knarvik kyrkje kl. 19

Gitarist Bjørn Schille og organist/pianist Andrè Eide inviterer til orgel, gitar og flygel-konsert. Bjørn Schille spelar hybridgitar som er ein kombinasjon av elgitar og bassgitar og saman med Eidè framfører dei eit variert repertoaret med både kombinasjonen gitar & orgel, samt solonummer.

## Svært godt resultat i Fasteaksjonen

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Årets Fasteaksjon gav som resultat 365.000 kr totalt i Alver og Modalen. Det gjev reint vatn til heile 1.460 menneske!

Pengane kom inn både som kontantar, på Vipps og ved bankoverføring. Innsamlinga fordeler seg slik på dei ulike sokna:

Meland 120.383 kr  
Radøy 102.860 kr  
Lindås 65.904 kr  
Knarvik 53.642 kr  
Osterfjorden 19.123 kr  
Modalen 14.792 kr

365.000 kr frå Alver og Modalen er det nest høgaste nokosinne, og berre 18.500 mindre rekord-resultatet i fjor – trass i det kraftige snøveret som stengde delar av området vårt på den planlagde innsamlingsdagen. Snøen

førte til at Lindås og Radøy utsette dør-til-dør-aksjonen. Like fullt auka Meland og Radøy resultatane sine frå i fjor.

### STOR TAKK til alle som

- organiserte innsamlinga
- gjekk med bøsser: konfirmantar, foreldre og andre
- gav kontantar, vippsa eller overførte på konto
- Radøy Matsørvis og andre som gav gratis kake og bollar til bøsseberarane

Pengane kjem fram, og dei bergar og endrar liv!



**RISNES**  
**ELEKTRO AS**

Elinstallatør · tlf. 56349620

## GOD PINSE!

Les gjerne om pinseunderet i Apostelgjerningane kap. 2.

Den tyske kunstnaren Gebhard Fugel (1863-1939) har laga maleriet «Pinsepreike» med utgangspunkt i denne forteljinga. Biletet er henta frå Wikimedia Commons.

Vår lokale prest i Meland, Bjørn Tore Sæle, gjev oss andakt over orda frå det same kapitelet.

Vi gler oss over pinseunderet. God pinse!

## PINSEANDAKT

# Høre og gi videre

Av Bjørn Tore Sæle, sokneprest i Meland

### Meget er forskjellig, men det er utenpå

«Meget er forskjellig, men det er utenpå», het det i barnesangen mange av oss husker. Egentlig er vi ganske forskjellige inni også. Det føles som livslang læring å forstå hvor forskjellige vi faktisk er, når det kommer til erfaringer, syn på livet, tro, tanke og mening. Men tross alle disse forskjellene, er det noe sant i påstanden: Inni er vi ofte like i det å trenge håp, drømmer, et meningsfullt liv og et fundament å hvile på i møte med motgang og død.

### Evangeliet til alle slags folk

Pinsen kan forstås som at Gud kaller alle oss forskjellige, og vil møte oss i dette som er felles. Fra forvirringen i Babylon går det en linje til pinsedagen, fra alle de som ikke lenger forstod, til pinsedagen der alle fikk evangeliet på sitt språk. Alle de som var forskjellige, utenpå og inni, fikk evangeliet om Jesus til seg. Alle slags mennesker ble kalt. Pinsen betyr at evangeliet ikke er skjult og for noen få, for de som knekker koden. Det er til hvert menneske, med sine tanker, lengsler og språk. Jesus stod opp for deg. Siden pinsedagen har alt handlet om å bære dette budskapet videre til alle folk, til alle slags folk, på alle tungemål, for at alle skal få tro.

### Høre eller ikke høre

Men fra det ene barndomsminnet til det andre: Karius og Baktus; hva de sa om tannlegen, da de hadde ropt at han ikke skulle tette hullene deres? ”Han hører ikke,” sa Baktus. ”Han vil ikke høre,” sa Karius. Hvor mye språket enn treffer, hvor mye det enn møter vår livssituasjon, ja om ordene så å si er designet for å krype inn i akkurat våre ører, så hjelper det ikke, om jeg ikke vil høre. Et budskap trenger mer enn åpne ører for å nå inn, det trenger også åpne sinn. En rabbiner formulerte et prinsipp: Dersom du skal forstå noe, må du først gå ut fra at det som blir sagt, er fornuftig (referert etter Kristian Kise Haugland). Pinsen handler altså også om tilhørerne, at vi må lytte med åpne sinn til det som blir forkynt for oss.

### Høre og gi videre så alle kan forstå

Språk kan skille og språk kan samle. Pinsedagen var starten på å samle alle som er spredt og skilt, samle oss om



Gebhard Fugel: "Pinsepreike"

evangeliet, håpet og oppstandelsen, ja om Gud. Vi kalles til å lytte og ta til oss, og så bære ordet videre på et språk og på en måte som kan bli forstått av den som hører. Gud vil et fellesskap med alle slags folk og tungemål, et fellesskap der du og jeg hører med.

# Heilt Enkel Hekla Veske

Begynnarvenleg oppskrift på hekla veske av Solbjørg Makalani Myrtveit Sæther  
IG: @nordicyarnart Epost: nordicyarnart@gmail.com

## Storleik og utstyr

Storleik: Høgd 23 cm, breidde 26 cm.

Heklefasthet: 10 x 10 cm tilsvarer 10 masker og 11 rader fm rundt og rundt i dobbelt garn Drops Paris.

Heklenål: Str. 7 mm, eller den som gjev rett heklefasthet.

Garn: 200 gram Paris frå Drops/Garnstudio (75 m/50 gram). Du heklar med dobbelt garn.

Du treng også: saks, stoppenål og ein maskemarkør.

Merk: Veska fungerer fint utan fôr! Dersom du har lyst å sy i fôr, kan du kontakta Solbjørg Makalani og få tilsendt skildring av korleis du gjer det.

## Forkortingar:

R: runde/rundar – m: maske(r) – fm: fastmaske(r)  
lm: luftmaske(r) – km: kjedemaske(r)

## Oppskrift

Veska er hekla i ein del. Du startar med å hekla ein oval botn med fastmasker i spiral. Sidene heklar du også med fastmasker i spiral. På dei siste rundane lagar du hankane.

Legg opp 15 lm med dobbelt garn.

R1: 2 fm i 2. lm frå nåla. 12 fm. 5 fm i siste maske. Desse 5 m vil gjera at arbeidet roterer ca. 180 grader. Hekl tilbake på andre sida av oppleggsrada. 12 fm. 3 fm i siste maske – same maske som dei 2 første fm er hekla i. (34 m)

Plasser ein markør i første fm på runden. Når du kjem rundt til markøren igjen, heklar du vidare til neste runde utan km eller andre overgangar. Flytt markøren til første fm på ny runde. Dette gjeld for alle rundar der ikkje anna er sagt.

R2: 2 fm i kvar av dei to neste m. 12 fm. 2 fm i kvar av dei neste 5 fm. 12 fm. 2 fm i kvar av dei siste 3 fm. (44 m)

R3: 2 fm i første m, 1 fm, 2 fm i neste m. 13 fm. \*2 fm i same m. 1 fm\*. Gjenta frå \* til \* til saman 5 gongar. 12 fm. \*2 fm i same m. 1 fm\*. Gjenta frå \* til \* til saman 3 gongar. (54 m)

R4: Fm heile vegen rundt. (54 m). No er botnen ferdig.

R5, R6 og R7: Fm heile vegen rundt. (54 m)

R8: 2 fm saman (du feller 1 fm). Denne fellinga er i sida av veska (rett over og i midten av der aukingane skjedde på dei første radene). 25 fm. 2 fm saman. 25 fm. (52 m)

R9 til R22: Fm heile vegen rundt. (52 m)

R23: 2 fm (sjekk at du er akkurat i «bretten» av veska). 9 fm. 9 lm, hopp over 9 fm. 8 fm (sjekk at du er akkurat i «bretten» på motsett side). 9 fm. 9 lm, hopp over 9 fm, 6 fm. (52 m)

R24: 1 fm. 2 fm saman (du feller 1 m i sida på veska). 8 fm. 9 fm om luftmaskebogen. 7 fm. 2 fm saman (du feller 1 m i motsett side). 8 fm. 9 fm om luftmaskebogen. 6 fm. (50 m).

R25: 10 fm. 11 fm (eller fleire\*) om hanken. Hekl fastmaskene så dei festar rundt heile hanken – ikkje fest dei i fm frå førre runde, slik du vanlegvis ville gjort. Hekl tett og så jamt du klarar. 16 fm. 11 fm (eller fleire\*) om hanken. 6 fm.

\*Hekl så mange fm som du treng for å få heile luftmaskebogen dekkja av fm tett i tett. Dette gjeld både R25 og R26.

R26: 1 fm. 2 fm saman. 7 fm. 15 fm (eller fleire\*) om hanken. Hekl fastmaskene rundt heile hanken – ikkje fest dei i fm frå førre runde. Hekl tett og så jamt du klarar. 7 fm. 2 fm saman. 7 fm. 15 fm (eller fleire\*) om hanken. 6 fm. Km til første fm på rada. Bryt garnet og fest alle endar.

Tips: Det kan henda det er a lita opning i maska der du hekla 5 fm (R1). Om du vil, kan du snurpa dette hòlet saman ved å sy gjennom maskene og så strama godt til. Fest så endane.

Valfri kant: Skift til nål nr 4. Hekl km gjennom fm på siste rad heile vegen rundt. Km skal leggja seg på framsida. Bryt garnet og fest alle endar.

Eg, Solbjørg Makalani Myrtveit Sæther, har utforma og skrivne oppskrifta. Du kan ikkje dela den vidare. Ikkje nøl med å ta kontakt på e-post eller via Instagram viss du har spørsmål eller kommentarar. Del gjerne bilete tagga med #heiltenkelveske, #nordicyarnart eller @nordicyarnart i sosiale medium. Eg håpar du vil kosa deg med både prosessen og veska! Lukke til! Helsing Solbjørg Makalani. Takk til Astrid Storheim Myrtveit, Ingrid Myrtveit Petersen



Ingrid Myrtveit Petersen viser kor fine hekla vesker kan bli.

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk • Automatisering • Godkjent for kontroll av el. anlegg

Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG





**Alver Byggrenhold**



Av Kari Marie Gurvin-Molvik

## Det vakre i det knuste

Det var ein japansk general som fekk skada den dyrebare kinesiske teskåla si. Skåla vart først sendt til Kina for å reparere den, dei ordna skåla ved å setje stygge metallstiftar i henne.

Misnøyen må ha vore stor hjå den japanske generalen, for japanske handverkarar byrja å undersøke etter alternative måtar å reparere øydelagt keramikk på. Løysinga var kintsugi eller å reparere med gull.

Om ei skål vert knust, kan ho få nytt liv og bli til noko endå vakrere og meir verdifullt. Ein gøymer ikkje sprekkene og det uperfekte, men framhevar dei med gull, og let dei bli vakre mønster. Med filosofien i denne kunsten kan det hjelpe oss til å sjå håpet i dei vanskelige situasjonane me møter på i livet.

Så enkelt og så vanskeleg på same tid.

Tenk at me ikkje treng å gøyme oss eller skamme oss over den me er eller det som har blitt knust, men at me kan våge å vere sårbare og ekte menneske både med Gud, oss sjølve og andre. Å kunne stole på at Hans nåde er oss nok og at Hans kraft får virke, når me ikkje er sterke i oss sjølve - som det står i 1 Kor 12:9.

Gud kan ta det som er blitt knust i livet vårt og kan lege oss og reparere oss med Gull og gjere slik at det me har vore



igjennom kan vere til styrkje og oppmuntring inn i andre menneske sitt liv.

Lat gullet ditt skina i kvardagen til dei rundt deg, legg ikkje skjul på sprekkene, men skin!

## Fellessong på Rasteplassen

Av William Kay

Vi startar opp med eit nytt tilbod til alle songglade i kyrkjelyden – «Fellessong på Rasteplassen». Tanken er å koma saman i ei uformell setting og syngja saman. I tillegg vil vi by på lette forfriskingar, og det blir tid til å kunne stoppe igjen og slå av ein prat.

Først ut har vi «Syng sommaren saman» torsdag 15.juni kl. 18:00. William Kay leiar kvelden, saman med gjestar mellom anna frå Radøy damekor. Fokuset denne gongen er sommarens songar og salmar.

Til hausten inviterer vi til ny fellessong-samling under tittelen «Syng advent og jul». Meir informasjon om den kjem etter kvart.

Velkomen til ei triveleg songstund saman på Rasteplassen!



# Slekters gang

## Radøy

### Døypte

26.02.2023 i Hordabø kyrkje: Eva Otilie Ueland Kolås  
26.02.2023 i Hordabø kyrkje: Olai Vågenes Mikkelsen  
05.03.2023 i Manger kyrkje: Odin Instebø Sivertsen  
12.03.2023 i Sæbø kyrkje: Sigrid Margrete Frydenlund  
02.04.2023 i Manger kyrkje: Mathias Oset Helland  
09.04.2023 i Sæbø kyrkje: Tian Hagebø Fjellsende

### Gravferd

23.02.2023 i Hordabø kyrkje: Asmund Hella  
24.02.2023 i Sæbø kyrkje: Solbjørg Vatnøy  
24.02.2023 i Sæbø kyrkje: Torleif Taule  
21.03.2023 i Sæbø kyrkje: Oddmund Magnus Bauge  
24.03.2023 i Sæbø kyrkje: Magnhild Nora Straume  
Askeland  
28.03.2023 i Hordabø kyrkje: Kirsten Lillian Steindal  
31.03.2023 i Manger kyrkje: Ingebjørg Møllerup Kolstad  
31.03.2023 i Emigrantkyrkja: Øystein Mellingen

## Sommarkonserten med Radøy damekor har fokus på «å sjå dei andre og skape godtonen»

Deler av koret hadde lyst på noko nytt og kom opp med tema «film og scene» Det skulle vise seg at koret verkeleg fekk noko å strekkja seg etter i og med rytmisk musikk. Det vart naturleg å komme opp med eit utvida program der innhaldet er musikk som damekoret er meir vane med å syngje.

Jaqueline Chesney har gjort grovarbeidet på ein framifrå måte. Ann Christin Hoen tar «finishen» og leier oss i hamn den 10.juni kl. 19.00 i Manger kyrkje. Organisten vår William Kay får med seg Morten Kleveland og Martin Frantzen på trommer. Rytmisk musikk krev jo eit band.

Velkomen til konsert med Radøy damekor.



## Soknerådsvalet i Radøy sokn

Valdag er måndag 11.september.

Radøy sokneråd har ni medlemmer, inkl soknepresten, og fem varamedlemmer.

I neste utgåve av Radar kjem me tilbake med presentasjon av kandidatane til Radøy sokneråd, men her er lista over kandidatar:

1. Gunnar Kartveit, 73 år, Kartveit
2. Kirsten Johanne Skage Mellingen, 69 år, Sletta
3. Evelyn Merethe Dale Askeland, 43 år, Askeland
4. Eivind Christoffer Floen, 38 år, Haugland
5. Irene Gjervik Taule, 30 år, Taule
6. Geirunn Valdersnes, 43 år, Manger
7. Olav Leiv Ståløy, 81 år, Valdersnes
8. Lina Beyer Vågenes, 42 år, Vågenes
9. Oddbjørn Tveiten, 67 år, Manger
10. Reidun Sæbø, 76 år, Sæbø
11. Kristen Risnes, 74 år, Risnes
12. Mona Karin Vaktstjold, 49 år, Manger
13. Ove André Dalland, 56 år, Dalland
14. Marlen Ramsvik Rikstad, 54 år, Manger
15. Margunn Stangenes Stordal, 73 år, Manger

# Tankestrek

Av Willem Vogelaar

Eg synest våren er den finaste tida på året. Endeleg kjem sola fram att- og varmen. Alt byrjar å vekse og blir grønt. Vi har villsau og det er utruleg fint med lam. Kvar morgon går eg med ei bøtte kraftfor til sauene, og så kjem det plutseleg ein stolt sau med eit nyfødd lam eller to.

Eg har kjøpt meg ein ordentleg gjetarstav - av praktiske årsaker. Eg såg nemleg på YouTube ein bonde som brukte ein sånn stav med krok, for å få tak i lamma. Tidlegare har me samla familien for å springa etter små lam - og det er ein artig aktivitet, men i år prøver eg den nye gjetarstaven min. Skal seia at det funker. Du får tak i lamma på eit blunk. Dei får øymerke, litt medisin mot flått - og litt kos.

David - Israels største konge - og salmediktar, var sjølv ein gong gjetar. Då var han berre ein liten gut. Han var sikkert veldig glad i sauene sine. Ein gong samanlikna han Gud med ein gjetar:

Herren er min hyrding,  
eg manglar ikkje noko.

Han lèt meg liggja i grøne enger,  
han fører meg til vatn der eg finn kvile.

Han gjev meg nytt liv.  
Han leier meg på rettferds stigar  
for sitt namn skuld.

Om eg så går i dødsskuggens dal,  
er eg ikkje redd for noko vondt.  
For du er med meg.  
Din kjepp og din stav,  
dei trøystar meg.

(Frå Salme 23)

På same måte som ein gjetar samlar sauene sine, vil den Gode Hyrdingen samle sine. Sauer veit ikkje alltid sitt eige beste. Det gjer ikkje vi heller. Kanskje vi treng omsorg eller å bli leia på rett veg? Kanskje vi nokon gonger treng å bli hanke inn?

”Sauene mine kjem når eg roper på dei. Dei kjenner stemma mi”, seier Jesus i Johannes evangeliet. I Bibelen kan vi høyre Den Hyrdingen si røyst. Kanskje du kan ta deg litt tid no framover til å lese Johannes evangeliet?

## RASTEPLASSEN

er tilgjengeleg for utleige til møte og arrangement. Meir om prisar og vilkår i neste nr av Radar.



## DEN NORSKE KYRKJA

### Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1 A, 5936 Manger

### Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

**Telefon:** 4000 1691

kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

**Facebookside:** radoykyrkjelyd

**Kontonummer:** 3636 07 04682

**Vipps:** 24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

### Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellestrådet:** Tove Sneås

Skauge, tovesneska@gmail.com

**Soknerådsleiar Radøy:**

Gunnar Kartveit

gunnar@kartveit.com

### Radar

**Utgjevar:** Soknerådet i Radøy sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Øystein Skauge

**Lokal redaksjon:** Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahl.

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedelete:** Mathea Vogelaar med lam. Foto: Willem Vogelaar



**Helge Taranrød**

Prost

415 28 318



**John Fredrik Wallace**

Kyrkjeverje

482 84 872



**Ørjan Abrahamson**

Fagarbeidar

951 67 539

### Radøy kyrkjekontor



**Grethe Lunde**

Dagleg leiar Radøy og Lindås

906 13 452



**Kjell Johan Sekkingstad**

Sokneprest

951 41 360



**J. William Kay**

Organist I/Rådgjevar

915 91 482



**Kari Marie Gurvin-Molvik**

Diakonimedarbeidar

932 01 354



**Bjørn Dalsgård Nygård**

Prestevikar

412 59 586



**Gyda Matland**

Administrasjonssekretær

400 01 691



**Torstein Skjelvik**

Fagarbeidar/kyrkjetenar

988 34 468



**Wilco Vogelaar**

Kyrkjelydspedagog

479 73 670



**Håkon Glatved-Prahl**

Kyrkjetenar

900 89 450

# GUDSTENESTE- KALENDER

**28.05**

Manger kyrkje 11:00  
Pinsedag  
Øystein Skauge, John  
William Kay.

**04.06**

Hordabø kyrkje 11:00  
Treeiningssundag  
Kjell Johan Sekkingstad,  
John William Kay.

**11.06**

Manger kyrkje 11:00  
2. søndag i treeiningstida  
Bjørn Dalsgård Nygård, John  
William Kay  
Konfirmantjubiläum for  
dei som var 50- og 60-års-  
konfirmantar under  
pandemien.

**18.06**

Tjorehagen 11:00  
3. søndag i treeiningstida  
Friluftsgudsteneste.

**25.06**

Manger kyrkje 11:00  
4. søndag i treeiningstida  
John William Kay.

**02.07**

Emigrantkyrkja 11:00  
Gudsteneste.  
Ein del av programmet for  
Utvandringsfestivalen 2023.

**29.07**

Fjon fjellkyrkje 19:00  
Olsok  
Gudsteneste og  
olsokstemne.

**30.07**

Manger kyrkje 11:00  
Gudsteneste.

**06.08**

Hordabø kyrkje 11:00  
John William Kay.  
Gudsteneste.

**13.08**

Manger kyrkje 11:00  
John William Kay.  
Gudsteneste.  
Songarar frå Radøy damekor  
tek del.

**20.08**

Sæbø kyrkje 11:00  
Gudsteneste.

**27.08**

Manger kyrkje 11:00  
Konfirmantpresentasjon.

**03.09**

Hordabø kyrkje 11:00  
John William Kay.  
Gudsteneste.

**10.09**

Manger kyrkje 11:00  
John William Kay.  
Gudsteneste.

**17.09**

Sæbø kyrkje 11:00  
Gudsteneste.

**24.09**

Manger kyrkje 11:00  
Gudsteneste.

**01.10**

Hordabø kyrkje 11:00  
Gudsteneste.

**08.10.**

Manger kyrkje 11:00  
Gudsteneste.  
Konfirmantjubiläum  
for årets 50- og 60-års-  
konfirmantar

## DET SKJER:

Babysong, Rasteplassen.  
Kvar måndag kl 11:00.  
For born og foreldre.

Dåpsskule, Manger kyrkje,  
Kyrkjestova  
Kvar tysdag kl 14-15:30  
2. og 3. klasse

Kvardagsmiddag for alle,  
Rasteplassen.  
Annankvar onsdag,  
oddetalsveker, kl 16:30  
20 kr pr person.  
Påmelding tlf 932 01 354

Barnekor, Manger kyrkje,  
Kyrkjestova  
4 år – 3. klasse  
Sommarferie.  
Oppstart att til hausten.

Radøy damekor,  
Rasteplassen  
Øving kvar torsdag kl 19:00.

Manger kyrkjeforening,  
Rasteplassen  
Vanlegvis andre måndagen i  
månaden, kl 15:30

Utstilling, kristne symbol,  
Rasteplassen  
Utstilling av ulike  
dekorasjonar/symbol, m.a.  
julekrybber frå mange land

For meir info:  
Sjå kyrkja.no/radøy



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje

## To konfirmantjubiläum:

**11. juni** – for dei som var 50- og 60-års-konfirmantar i 2020 og 2021, og som ikkje fekk feira pga pandemien

**8. oktober** – for dei som er 50- og 60-års-konfirmantar i år  
Alle får eigen invitasjon. Men snakk gjerne med andre slik at me unngår glipp.